

## Referat frå møte i SMU og SU ved Vinjar skule 31.10.22

Til stades: Laila Røkenes (einingsleiar/rektor), Åsmund Bakka (kommunen/folkevalgt), Kjersti Moe (foreldrerepresentant/leiar FAU), Geir Kjetil Østebø (foreldrerepresentant/FAU), Dagfinn Havrevoll (undervisningspersonell), Åse Eide (andre tilsette), Agathe Lunde (elevrepresentant), Amund Havrevoll (elevrepresentant).

Fråvær: Lars Vaage (foreldrerepresentant/nestleiar FAU).

**Sak 01-2022/2023:** Godkjenning av sakslista

**Sak 02-2022/2023:** Konstituering:

Leiar: Dagfinn Havrevoll

Nestleiar: Geir Kjetil Østebø

Skrivar: Kjersti Moe

### Saker Skulemiljøutvalet (SMU):

#### Sak 03-2022/2023: Skulemiljø

- Rektor viste ein kort film for å illustrere kva skulen legg i omgrepet «godt skulemiljø».
- **Rapport frå Statsforvaltaren sitt tilsyn: Trygt og godt skulemiljø, det vidare arbeidet:** Vinjar og Sand skule hadde i fjor tilsyn på «Trygt og godt skulemiljø» av Statsforvaltaren. Det vart rapportert om fleire avvik. Skulen har jobba med desse avvika, og mange av dei er nå lukka. Rektor på Vinjar og Sand, med hjelp av Britt Elin Håranes, har samarbeida og jobba med avvika. Mange av dei nye retningslinjene er innlemma i rettleiaren til skulen, som nå er under oppdatering.

Oppsummering frå tilsynet:

- Avvik:
  - På det å **varsle**: Dei tilsette skal vite kven som skal varslast ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Rektor er den som skal varslast. Dette er retta opp, og kjem inn i den nye rettleiaren for trygt og godt skulemiljø.

- På det å **undersøke**: Dei som jobbar på Vinjar må få ei felles forståing av kor raskt ein må varsle.  
Ein må presisere kva undersøkingar ein skal gjere og sørge for bredde i desse (observere, snakke med eleven etc., og med variasjon og tilrettelagt metode).
- Skulen fekk kritikk for å mangle varslingslogg, som m.a. seier noko om kva undersøkingar som skal gjennomførast. Dette er nå på plass.
- **Tiltak** må setjast inn raskt. Her må rettleiaren vere presis, slik at det ikkje er tvil om korleis den skal følgast.
- Skulen skal vurdere kva tiltak som er eigna – må vera fagleg begrunna.

- Elevrådet orienterte om aktivitetar som bidreg til eit godt skulemiljø på Vinjar skule:
  - TL – Trivselsleiar (4.-7.kl) Aktivitetar i friminutta kvar veke. Mål: Inkludering: Alle skal ha noko å finna på og nokon å vera ilag med.
  - Fadderveker: Kor elevane er ilag på tvers av klassar, og gjer aktivitetar ilag: spel etc.
  - Kanonballturnering
  - Trivselsveke
  - Juleverkstad/julearrangement
  - Skidag
  - Tverrfaglege prosjekt
  - BliMed-dansen
  - Elevrådet prøver å inkludere og involvere elevane: vil setta opp ein postkasse, slik at alle elevane får høve til å komme med idear og innspel.
  - Fotballkamp på slutten av året: Elevane mot lærarane.
  - Baking
  - Turar til Stråpanuten / Vinjanuten, eller andre stader i nærmiljøet.
  - TV-aksjonen

Elevrådet er generelt godt nøgde med skulemiljøet på Vinjar.

Kjersti inviterte elevane/elevrådet til å ta å komma med ønskje/innspel, om det er arrangement eller andre tiltak, som elevane har lyst til. Då kan foreldra gjerne arrangere eller hjelpe til for å få det til. Aktivitetskveldane, som tidlegare år har blitt arrangert for mellomtrinnet vil bli forsøkt sett opp på fredagar etter nyttår. Hausten 2022 er allereie fullbooka gymsal eller kolliderer med andre treff.

#### **Sak 04-2022/2023: Ekstern vurdering av utviklingsarbeidet ved Vinjar skule:**

Oppvekst har eit tett samarbeid med Sauda kommune, og snart også Vindafjord. Samarbeidet inkluderer evaluering og ekstern vurdering av utviklingsarbeidet ved einingane for å sikre kvalitet.

Vinjar skule skal ha ekstern vurdering i november, og veke 47 er sett av til dette arbeidet. I vurderinga vil ein samla inn både datamateriale (som for eksempel resultat frå nasjonale prøvar m.m) og ulik anna informasjon for å sjå kva faktorar som fungerer godt, og kva som må jobbast betre med. Skulen har sidan i fjor hatt fokus på vaksenrolla, og gjort ei kartlegging av «Nå»-bildet og skissert eit ønska framtidsbilde/forbetringar. Både elevar og foreldre (FAU) vil bli involvert i arbeidet.

## **Saker samarbeidsutvalet (SU):**

### **Sak 05-2022/2023: Innspel frå FAU: Læringsbrettundersøkinga, kva skjer i etterkant?**

Det er sett ned eit utval som jobbar med saka. Utvalet består av Finn Arthur Rosland, digital rettleiar, Jorunn Hoås, rektor på Sand, foreldre og elevar.

### **Sak 06-2022/2023: SFO**

Skulen har gjennomført ei brukarundersøking om SFO. Resulterte m.a i endringar i opningstida. Dei valte å gå for fleirtalet av foreldra sitt ønskje. Ny opningstid i SFO er nå: kl.07.15-16.15. Rektor har i haust overtatt det pedagogiske ansvaret, og Hege har tatt over det administrative. Dei held utviklingsmøte første måndag i månaden .

### **Sak 07-2022/2023: Orientering om oppstart av skulen hausten 2022**

Nettsida til skulen er blitt oppdatert. Her ligg nå mykje informasjon om skulen, informasjonsmateriell og nyheiter. Informasjonen er også tilpassa nye foreldre / elevar.

Vinjar skule er blitt ein pilotskule på eit prosjekt i regi av KS, som går på digitalt personvern (GDPR ). Resultat frå pilotprosjektet skal komma alle skular til gode seinare.

Rektor informerte om oppstarten og korleis hausten har vore på Vinjar skule: Det har vore mykje sjukefråvær blant dei tilsette, også langtidssjukefråvær. Dei har gjort grep etter beste evne, for å prøve å avgrense at det ikkje blir for mange vikarskifte. Hege og rektor har gått inn som vikar. Jorunn Herabakka er inne som fast vikar. Ein lærar i 80%-stilling har sagt ja til å gå opp i 100%-stilling fram til jul. Knut Nærheim (lærarstudent i Stavanger) har fått vikariat måndagar og fredagar.

Skulen fekk ikkje kvalifiserte søkarar til to stillingar til skulestart, og tilsette to lærarstudentar i midlertidige stillingar.

### **Sak 08-2022/2023: Bruk av fondsmidlar**

- Vedlikehald av «buldresoppen» i skulegarden. Den er restaurert for 72 000kr, og me fekk sjå bilde av resultatet. «Buldresoppen» er populær i skulegarden.
- Nytt personalkjøkken og nye møbler på personalrommet er under arbeid. Nytt kjøkken er laga av Trestubben. Her er ein snart i mål med oppussinga.
- Det er planlagt å dra på ein fagleg personaltur i vinter/vår. Det er lenge sidan sist personalgruppa har vore på tur ilag, så det er inne i planane for dette skuleåret.
- 100 000 kr er tildelt til å kunne kjøpe inn lærebøker. I praksis har lærarane kunna kjøpe inn det dei måtte ha behov eller ønskje om av hjelpemiddel. Lærarane er oppfordra til å sjå på kva læremiddel dei ønskjer å kjøpe inn i ulike fag.

- Det er planar om å investere i buskar og planter til uteområde. Planen er å fylle i jord og plante i skråninga ned mot sykkelskuret. Dette blir til våren, og gjerne som ein dugnad/sosialt tiltak.